



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	858 837 162
Organisasjonsform:	Samvirkeforetak
Foretaksnavn:	FUSA KRAFTLAG SA
Forretningsadresse:	Stallabrotvegen 119 5640 EIKELANDSOSEN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2024 - 31.12.2024
-------------------------	-------------------------

Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Tove Fosså
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.04.2025

Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 14.08.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Øvrig inntekter	1	10 406 030	7 517 102
Sum inntekter		10 406 030	7 517 102
Kostnader			
Energikjøp			1 388
Lønnskostnader	2	6 644 484	6 386 898
Aktivering inveteringsarbeid	1	-413 908	-202 532
Ordnær avskrivning	3	752 614	602 172
Annan driftskostnad	2	3 041 814	909 514
Sum kostnader		10 025 004	7 697 440
Driftsresultat		381 026	-180 338
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekt		4 769 944	4 296 778
Motteke aksjeutbyte		1 943 900	303 173
Gevinst sal verdipapir	4	35 422	4 796 278
Urealisert verdiendring verdipapir		21 711 891	12 178 622
Sum finansinntekter		28 461 157	21 574 851
Nedskrivning av andre finansielle omløpsmidlar		1 495 353	
Annan rentekostnad	4	7 260 348	5 888 168
Tap på sal verdipapir	4		493 841
Sum finanskostnader		8 755 701	6 382 009
Netto finans		19 705 456	15 192 842
Resultat før skattekostnad		20 086 482	15 012 504
Skattekostnad på ordinært resultat	6	212 170	783 994
Årsresultat		19 874 312	14 228 510
Overføringer og disponeringar			
Utdeling av kjøpsutbytte	7	4 000 000	3 500 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Avsett til annen egenkapital	7	15 874 312	10 728 510
Sum overføringar og disponeringar		19 874 312	14 228 510



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	6	1 171 356	728 990
Sum immaterielle egedelar		1 171 356	728 990
Varige driftsmiddel			
Tomtar og boligeigedomar, kraftanlegg	3	5 183 490	5 183 490
Bygningar	3	13 352 951	12 767 712
Maskiner, transportmidlar og inventar	3	979 752	236 097
Sum varige driftsmiddel		19 516 193	18 187 299
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	8	125 601 475	125 601 475
Lån til føretak i same konsern	9, 10	40 524 123	41 126 060
Investeringar i tilknytt selskap	5	147 000	147 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	9, 10	10 393 483	10 960 147
Investeringar i aksjar og andelar		1 017 758	1 017 758
Langsiktige krav	9	13 222 000	11 407 000
Pensjonsmidlar	11	1 310 880	780 875
Sum finansielle anleggsmiddel		192 216 719	191 040 315
Sum anleggsmiddel		212 904 268	209 956 604
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringar		92 115	358 994
Andre fordringar		2 412 345	1 120 856
Konsernkrav	10	2 155 481	7 599 066
Sum krav		4 659 941	9 078 916
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	4	167 141 224	145 192 534
Sum investeringar		167 141 224	145 192 534



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	12	18 249 026	8 483 990
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		18 249 026	8 483 990
Sum omløpsmiddel		190 050 191	162 755 440
SUM EIGEDELAR		402 954 459	372 712 044
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Medlemskapital	7	444 000	442 800
Overkurs	7	4 944 833	4 944 833
Sum innskoten eigenkapital		5 388 833	5 387 633
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	268 326 386	251 452 074
Sum opptent eigenkapital		268 326 386	251 452 074
Sum eigenkapital		273 715 219	256 839 707
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	11	208 160	275 143
Sum avsetjingar for plikter		208 160	275 143
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13, 14	98 999 996	102 666 664
Sum anna langsiktig gjeld		98 999 996	102 666 664
Sum langsiktig gjeld		99 208 156	102 941 807
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	6 768 481	
Leverandørgjeld		698 095	1 407 269
Betalbar skatt	7	654 536	660 746



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Skuldige offentlige avgifter		1 529 818	3 328 647
Gjeld til medlemmar		3 034 578	3 503 170
Gjeld til konsernselskap	10	15 207 846	292 483
Annan kortsiktig gjeld		2 137 730	3 738 215
Sum kortsiktig gjeld		30 031 084	12 930 530
Sum gjeld		129 239 240	115 872 337
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		402 954 459	372 712 044



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Energisal	1	64 971 682	107 349 873
Inntekter overføring	1	38 757 599	32 540 972
Breibandsinntekter	1	20 492 279	19 685 090
Flaskehalsinntekter	1	1 934 996	4 806 356
Øvrig inntekter	1	5 221 058	16 390 141
Sum inntekter		131 377 614	180 772 432
Kostnader			
Energikjøp	1	54 703 337	97 342 603
Overføringstenester	1	12 149 720	4 838 817
Varekjøp breiband og øvreste varekjøp	1	9 170 687	8 311 471
Aktivisering investeringsarbeid	1	-3 429 991	-4 194 663
Lønnskostnader	2	23 867 989	23 079 903
Ordinær avskrivning	3	12 104 083	11 315 735
Annan driftskostnad	2	24 417 781	19 624 372
Sum kostnader		132 983 606	160 318 238
Driftsresultat		-1 605 992	20 454 194
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i dotterselskap og i tilknytt selskap	5	239 637	853 835
Renteinntekt		3 785 381	3 020 950
Motteke aksjeutbyte		1 943 900	303 173
Gevinst sal verdipapir	4	35 422	4 796 278
Urealisert verdiendring verdipapir		21 711 891	12 178 622
Sum finansinntekter		27 716 231	21 152 858
Neskriving av andre finansielle omløpsmidlar		1 495 353	
Rentekostnad	4	9 728 870	8 072 337
Tap på sal verdipapir	4		268 698
Sum finanskostnader		11 224 223	8 341 035
Netto finans		16 492 008	12 811 823



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Resultat før skattekostnad		14 886 016	33 266 017
Skattekostnad på ordinært resultat	6	-385 042	4 528 740
Årsresultat		15 271 058	28 737 277
Minoritetsinteresser	7	1 497 639	1 746 905
Årsresultat etter minoritetsinteresser		13 773 419	26 990 372



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	6	533 835	
Sum immaterielle egedelar		533 835	
Varige driftsmiddel			
Tomtar og boligeigedomar, kraftanlegg	3	92 810 321	95 829 223
Bygningar	3	13 352 951	12 767 712
Maskiner, transportmidlar og inventar	3	13 350 500	10 713 040
Fordelingsnett og breibandsnett	3	105 613 169	109 530 236
Sum varige driftsmiddel		225 126 941	228 840 211
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i tilknytt selskap	5	7 262 833	6 876 196
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	9, 10	10 393 483	10 960 147
Investeringar i aksjar og andelar		1 167 758	1 017 758
Langsiktige krav	9	13 222 000	11 407 000
Pensjonsmidlar	11	7 742 432	5 910 934
Sum finansielle anleggsmiddel		39 788 506	36 172 035
Sum anleggsmiddel		265 449 282	265 012 246
Omløpsmiddel			
Varer			
Materiallager		4 422 526	5 020 651
Sum varer		4 422 526	5 020 651
Krav			
Kundefordringar		21 933 264	36 417 391
Andre fordringar		3 423 668	2 920 623
Sum krav		25 356 932	39 338 014
Investeringar			
Marknadsbaserte aksjar	4	167 141 225	145 192 535
Sum investeringar		167 141 225	145 192 535



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar o.l.	12	24 488 874	18 323 248
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		24 488 874	18 323 248
Sum omløpsmiddel		221 409 557	207 874 448
SUM EIGEDELAR		486 858 839	472 886 694
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Medlemskapital	7	444 000	442 800
Overkurs	7	4 944 833	4 944 833
Sum innskoten eigenkapital		5 388 833	5 387 633
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	281 746 406	270 825 985
Minoritetsinteresser		9 788 639	8 291 000
Sum opptent eigenkapital		291 535 045	279 116 985
Sum eigenkapital		296 923 878	284 504 618
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	11	650 675	430 639
Utsett skatt	6		834 139
Sum avsetjingar for plikter		650 675	1 264 778
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13, 14	98 999 996	102 666 664
Ansvarleg lånekapital		4 863 438	1 922 312
Anna langsiktig gjeld		35 538 733	35 902 531
Sum anna langsiktig gjeld		139 402 167	140 491 507
Sum langsiktig gjeld		140 052 842	141 756 285



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	6 768 481	
Leverandørgjeld		7 433 260	7 636 394
Betalbar skatt	7	822 734	1 584 585
Skuldige offentlege avgifter		6 610 694	8 896 926
Gjeld til medlemmar		3 034 577	3 503 170
Annan kortsiktig gjeld		25 212 373	25 004 716
Sum kortsiktig gjeld		49 882 119	46 625 791
Sum gjeld		189 934 961	188 382 076
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		486 858 839	472 886 694

Styret si årsmelding for 2024

Fusa Kraftlag SA er eit almennyttig samvirkeleg, som betyr at me er eigd av våre medlemmar. Innbyggjarar og verksemdar i vårt konsesjonsområde kan bli medlem. Ved utgangen av 2024 hadde konsernet ei medlemsmasse på


615

Private medlemmar

52

Organisasjonar og bedrifter

I 2024 fekk Fusa Kraftlag SA 42 nye medlemmar, noko som utgjer ein auke på om lag 6,7 % samanlikna med året før. Ved utgangen av året hadde laget totalt 667 medlemmar.



Føremål

Fusa Kraftlag SA jobbar for å auka medlemsmassen, då dette styrker selskapet si evne til å oppfylle vårt føremål, slik det går fram av vedtektene:

«Å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområde»

Dette skal oppnåast gjennom:

- Å eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning
- Å omsetje elektrisk energi
- Å produsere energi, eller delta som eigar i produksjonsanlegg



- Å byggja og driva breibandsnett
- Å forvalta kapitalfondet slik at det gjer ei langsiktig stabil inntekt
- Å driva, yte midlar til, eller eiga anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
- Å delta aktivt i tiltak med ålmennyttig føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde

Fusa Kraftlag SA, saman med Lysna AS og Strøyma AS oppfyller samla føremålet i vedtektene til Fusa Kraftlag SA

Fusa Kraftlag SA - vår historie og verksemda

Dette blir illustrert i ei enkel grafisk framstilling. Kanskje med eitt bilete frå kvart år?

1946: Verksemda vart etablert i 1946 som eit partslag under namnet Strandvik, Fusa & Hålandsdalen Kraftlag.

1964: Då kommunane Strandvik, Fusa og Hålandsdalen vart slått saman i 1964 fekk verksemda namnet Fusa Kraftlag P/L.

2010: Verksemda endra selskapsform frå partslag til samvirkeføretak, og fekk namnet Fusa Kraftlag SA. Dette gjer at me i dag er eigd av våre medlemmar.

2020: 1. januar 2020 blei verksemda omdanna til konsern, grunna endringar i energilova.


2024: Fusa Kraftlag SA eig 100 % av aksjane i Lysna AS og Strøyma AS.

Tenkjer den grafiske framstillinga ender med Strøyma og Lysna. Under framstillinga kan det kome tekst til kva kvart selskap gjer.

Lysna: Lysna AS er nettselskapet til Fusa Kraftlag SA og har områdekonsesjon for å byggje, drifta og vedlikehalde forsyningsanlegg med spenning opp til 22 kV i delar av Bjørnafjorden kommune, tidlegare Fusa kommune. Nettet omfattar både høgspenninglinjer som distribuerer straum og lågspenningsnett som fordelar straumen til kvar kunde.

Strøyma: Strøyma AS eig og driftar fibernett i same geografiske område. Strøyma AS har også omsetningskonsesjon for sal av elektrisk energi, denne konsesjonen er ikkje geografisk avgrensa og verksemda tilbyr straumtenester til alle, med spesielt fokus på Bjørnafjorden kommune og områda rundt.

Fusa kraftlag: Tilsette som er knytt til økonomi og merkantile stillingar er tilsett i Fusa Kraftlag SA. Det er laga konserninterne avtalar om kjøp og sal av interne tenester, samt kostnadsdeling. I tillegg arbeider laget for å skapa verdi for medlemmane sine og lokalsamfunnet gjennom investeringar og utviklingstiltak.



Sosiale forhold

Personale og likebehandling


Ved utgangen av 2024 hadde konsernet Fusa Kraftlag SA 23 tilsette og éin innleigd medarbeidar. Gjennomsnittsalderen i konsernet er 43 år.

Dei tilsette er fordelt slik i dei tre selskapa: Fusa Kraftlag SA har 7 fast tilsette, Lysna AS har 11 fast tilsette og 1 lærling, Strøyma AS har 5 fast tilsette.

Vår målsetjing er at alle tilsette blir behandla rettferdig og likeverdig, uavhengig av kjønn, religion, legning eller fysisk kapasitet. Me jobbar for eit inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert diskriminert, og alle får like moglegheiter til utvikling.

Grafisk framstilling av:

- Tilsette per selskap
- Fordeling mellom kvinner og menn



Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet Fusa Kraftlag SA har ei felles HMS-målsetjing for alle selskapa i konsernet. Våre tilsette skal ha eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. Me skal følgje lover og forskrifter og jobbe for å unngå at alvorlege ulukker skal skje i vår bedrift. Bedrifta skal leggje til rette for dette arbeidet gjennom gode rutinar og god kommunikasjon slik at alle tilsette blir involvert og engasjert i HMS-arbeidet!

Konsernet er IA-bedrift, og har eit godt samarbeid med Bedriftshelse 1 som støtte i HMS-arbeidet. Arbeidsmiljø-utvalet på fire medlemmer har hatt tre møter i 2024. Alt personell som arbeider på eller nær ved spenningsførande anlegg gjennomfører kvart år lovpålagt opplæring i sikkerhetsforskrifter. Dette omfattar også praktisk og teoretisk førstehjelpsopplæring. Alle tilsette får som hovudregel tilbod om førstehjelpskurs.

Det er kort avstand mellom leiding og tilsette. Det gjer at det er naturleg med direkte kommunikasjon mellom alle tilsette også utanom faste møter i AMU og liknande.

Grafisk framstilling av:

- Sjukefråvær – fekk ikkje til å laga noko god grafisk framstilling, men her er tala:

	Sjukefråvær	Korttid	Langtid
Fusa Kraftlag SA	24,9 %	4,1 %	20,8 %
Lysna AS	1,2 %	1,2 %	0,0 %
Strøyma AS	1,8 %	1,8 %	0,0 %
Totalt konsern	7,8 %	2,1 %	5,6%

I 2024 var det ingen personskadar som har ført til fråvær.

Konsernet Fusa Kraftlag SA har teikna styreansvarsforsikring som dekkar styremedlemmer, leiding og tilsette som har tilknytning til styrearbeid.



Sosial og miljømessig berekraft:

Fusa Kraftlag SA med dotterselskapa har ei tydeleg målsetjing om å bidra til ei berekraftig utvikling. Strøyma AS blei i 2024 sertifisert som Miljøfyrtårn, og har med det forplikta seg til kontinuerleg miljøforbetring innan fleire viktige område som energibruk, transport og avfallshandtering. Lysna AS har teke viktige steg i retning av meir miljøvenleg transport, og har per 2024 to elektriske bilar i drift av totalt seks. Målet er å redusere fossile utslepp der det er praktisk og økonomisk gjennomførbart.

Vasskraftproduksjonen i konsernet bidreg til forsyning av fornybar energi med lågt klimaavtrykk, noko som gjer klare miljøfordelar. Samstundes er me medvitne om at både utbygging og drift av kraftverk, samt bygging og vedlikehald av distribusjonsnett, medfører inngrep i naturen. Difor er det eit sentralt mål for konsernet å minimere desse inngrepa og ta omsyn til naturmangfald og sårbare økosystem i planlegging og drift.

Sosial berekraft inneber å bidra til at både tilsette, kundar og lokalsamfunnet får ei positiv påverknad av verksemda, både no og i framtida. Fusa Kraftlag SA er ein lærebedrift som legg til rette for kompetanseutvikling og arbeidserfaring for unge. Me støttar sponsoraktivitetar retta mot born og unge, samt andre initiativ som gagnar lokalmiljøet. Å skapa attraktive arbeidsplassar, som styrkjer både økonomien og det sosiale fellesskapet i lokalsamfunnet, bidreg til å auke trivsel, redusere fråflytting og skapa langsiktig verdiskaping for både bedrifta og lokalsamfunnet.

Kapitalfondet - grunnlaget for å delta i samfunnsutviklinga

Eit viktig verkemiddel for å bidra til lokalsamfunnet er å nytta delar av avkastinga frå kapitalfondet til allmennyttige tiltak. Dette gjer oss moglegheit til å bidra til utviklinga av eit levande og inkluderande lokalmiljø, der idrett, kultur og sosiale initiativ får bidrag til å vidareutviklast.

Kapitalfondet blei etablert etter salet av aksjane i Sunnhordland Kraftlag AS i 1996 og seinare styrkt etter salet av aksjane i BKK AS i 2002. Dette har gitt oss moglegheit til å ta ei aktiv rolle utover våre primæroppgåver og bidra til positive tiltak for innbyggjarane. Styret har årleg ei ramme for tildeling av allmennyttige midlar. Tildelingar utover styret si handlingsramme, vil medlemmane kunne påverke på årsmøte.

Allmennyttige midlar og ungdomsstipend

I 2024 støtta konsernet over 60 lag, foreiningar og arrangementet, i tillegg til å dele ut to ungdomsstipend. For 2024 auka stipendet til 30 000 kroner, samt at det vart opna opp for ungdom som utmerka seg innan frivillig- eller sosialt arbeid å kunne søkja, i tillegg til idrett og kultur. Det var difor stas å dele ut ungdomsstipend til ein ungdom som utmerka seg innan sosialt arbeid og ein innan idrett.

Om hausten blei det delt ut 574 000 kroner i allmennyttige midlar fordelt på 54 lag og foreiningar. For Fusa Kraftlag er det viktig å støtta breidt, slik at også små grendelag, mindre idrettslag og andre som skaper aktivitet og levande bygder blir sett.



Forskottering og gaver

Forskottering av midlar er eit viktig verkemiddel for å sikra framdrift i lokale prosjekt. For mange er det avgjerande å få tilgang til midlar i forkant av offentlege tilskot, slik at prosjekta kan starta opp. Fusa Kraftlag SA har bidrege både til kommunale-, fylkeskommunale- og frivillige prosjekt.

I 2024 blei det gitt 2,5 mill. kroner i forskottering til Venjar IL, slik at dei kunne starte arbeidet med å bygge sin nye idrettsplass. Eikelandsosen samfunnshus mottok ei gåve på 325 000 kroner til oppgradering av luft- og varmesystemet, noko som gir betre inneklime og energieffektivitet. Fusa Kraftlag SA sitt engasjement strekkjer seg òg utanfor det lokale, og me gav ei gåve på 20 000 kroner til organisasjonen som jobbar for brannskadde born i Etiopia. Eit prosjekt som står sterkt i lokalmiljøet.

Informasjon og kundekontakt

For å oppretthalda tillit og skapa gode relasjonar er det viktig at alle selskapa i konsernet å ha ein ærleg og tydeleg kommunikasjon med kundane. Me legg stor vekt på å sikre at kundane opplever oss som eit trygt og påliteleg val – eit selskap som er lokalt forankra og tilgjengeleg.

For å oppnå dette har me eit sterkt fokus på effektiv informasjonsflyt gjennom fleire kanalar, inkludert sosiale media, heimesider, nyheitsbrev og lokalpressa. Ved å vera synlege og tilgjengelege ønskjer me å gje kundane våre god innsikt i vår verksemd og dei tenestene me tilbyr, samt sikra at viktig informasjon når fram på ein forståeleg og relevant måte.

Openheit

Grunna omsetningstal og balansesum i Strøyma AS er Fusa Kraftlag SA og Strøyma AS omfatta av «Lov om virksomheters åpenheit og arbeid med grunnleggjende menneskerettiheter og anstendige arbeidsforhold» (åpenheitsloven). Det betyr at det skal gjennomførast aktsemdsvurderingar etter lova, og det skal utarbeidast ei utgreiing for aktsemdsvurderingane som skal offentleggjerast. Utgreiinga er publisert på nettsida til Fusa Kraftlag SA under fana «Om oss».

Om den daglege drifta i konsernet

Fusa Kraftlag SA

Fusa Kraftlag SA er morselskapet i konsernet og har ansvar for administrative og økonomiske tenester for dotterselskapa. Dei tilsette i morselskapet jobbar i hovudsak med økonomitenester, kundehandtering og andre merkantile oppgåver. Samstundes kjøper Fusa Kraftlag SA tenester frå dotterselskapa, mellom anna innan IT og vedlikehalds-tenester.



Dagleg leiar for konsernet er tilsett i Fusa Kraftlag SA, som har ei sentral rolle i å samordne verksemdene og sikra at drifta er effektiv og i tråd med konsernet sine mål. Morselskapet driv ikkje eiga forskning eller utvikling etter rekneskapsmessig definisjon, men legg til rette for innovasjon og vidareutvikling gjennom samarbeid med dotterselskapa.

Vår satsing på lokal småkraftproduksjon

Fusa Kraftlag SA spelar ei aktiv rolle i utviklinga av fornybar energi gjennom eigarskap i fleire lokale småkraftverk. Som majoritetseigar i Hopselva Kraftverk AS, Bratthus Kraftverk AS og Gjønaelva Kraftverk AS, inngår desse som dotterselskap av konsernet. I tillegg eig Fusa Kraftlag SA 49 % av Eitro Kraftverk AS, der me samarbeider tett med dei andre eigarane for å sikre god drift og vidare utvikling.


For å styrka satsinga på småkraftverk er me også engasjerte i planlegging og konsesjonsarbeid for Kvandalselva Kraftverk og Baldersheim Kraftverk, saman med Sunnhordland Kraftlag AS. I tillegg utforskar me andre aktuelle småkraftprosjekt i lokalsamfunnet, der me er i dialog med grunneigarar for å identifisere nye moglegheiter. Ved å investera i småkraftverk bidreg Fusa Kraftlag SA til lokal verdiskaping og ei meir berekraftig energiforsyning.

Hopselva Kraftverk AS produserte 13,1 GWh i 2024. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 51 øre/kWh mot 77 øre/kWh i 2023 og 168 øre/ kWh i 2022. Hopselva Kraftverk AS har positivt resultat på 0,04 mill. kroner.

Bratthus Kraftverk AS produserte 1,1 GWh i 2024. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 49 øre/kWh mot 80 øre/kWh i 2023 og 175 øre/ kWh i 2022. Bratthus Kraftverk AS har negativt resultat på 1,5 mill. kroner.

Gjønaelva Kraftverk AS produserte 8,5 GWh i 2024. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 49 øre/kWh mot 78 øre/kWh i 2023 og 174 øre/ kWh i 2022. Gjønaelva Kraftverk AS har negativt resultat på 0,85 mill. kroner.

Eitro Kraftverk AS produserte 9,5 GWh i 2024. Realisert gjennomsnittspris for seld mengde kraft/elsertifikat utgjorde 48 øre/kWh mot 77 øre/kWh i 2023 og 188 øre/ kWh i 2022. Eitro Kraftverk AS har positivt resultat på 0,5 mill. kroner.



Finansiell risiko

Marknadsrisiko

Fusa Kraftlag SA har plassert likvide midlar i ulike verdipapir. Disse er utsett for ordinær kursrisiko. Hovudvekta av plasseringane er plassert i fond og obligasjonar.

Likviditetsrisiko

Ein har sikra finansiering gjennom langsiktig lån i tillegg til avtale om kassakreditt, i tillegg til likvide plasseringar i fond og obligasjonar vert likviditetsrisikoen for konsernet vurdert som låg.

Kredittrisiko

I konsernet er fordringar fordelt på mange kundar og gjennom erfaring vert risikoen for tap på kundefordringar vurdert som låg.

Fusa Kraftlag SA har ytt lån til småkraftselskap ein har eigarskap i. Småkraftselskapa er eksponert for varierende kraftproduksjon og prisar. Kreditt risikoen for lån ytt til småkraftverka kan vurderast som moderat, men med sterkt eigarskap i selskapa vurderer ein likevel at dette er ein risiko ein har kontroll på.

Kontantstraumoppstillinga viser at den likviditetsmessige stillinga ved årskifte var tilfredsstillande.

Kapitalforvaltning

Fusa Kraftlag SA har totalt sett hatt betydeleg positiv avkastning av kapitalfondet frå oppstart.

Forvaltning av kapitalfondet vert gjennomført etter gjeldande strategi:

Kapital skal som hovudregel plasserast i likvide fond
Det skal nyttast ekstern profesjonell aktør for kapitalforvaltning



Avkastninga på kapitalen som er plassert hos ekstern forvaltar enda med betydeleg gevinst i 2024 og er i tråd med styret sine forventningar til avkastning over tid. Risikoen for denne delen av kapitalfondet er på eit nivå som er naturleg for eit selskap som Fusa Kraftlag SA.

I tillegg til midlane som er plassert hos forvaltar har konsernet ein strategisk portefølje. Desse plasseringane kan ha eit litt anna krav til risiko og avkastning. Her kan lokal verdiskaping og andre tiltak som kan forankrast i føremåla til Fusa Kraftlag SA ligge som ein kalkulert gevinst.

Lysna

Lysna AS er nettselskapet i konsernet, selskapet har områdekonsesjon i deler av Bjørnafjorden kommune (tidlegare Fusa kommune).

Ein områdekonsesjon er eit løyve til å byggje og drive distribusjonsnett med spenning opp til 22 kV innanfor eit geografisk avgrensa område. Konsesjon blir gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat.

I 2024 vart det totalt overført 93,12 GWh til Lysna AS sitt distribusjonsnett. Av denne mengda kom 53,14 GWh frå lokal småkraftproduksjon. Det vart selt 86,4 GWh til sluttbrukarar i konsesjonsområdet. Dette er ei auke på 6,01 % frå førre år.

For 2024 hadde Lysna eit nettap på 7,2 % av overført mengde. Overføring av lokal produksjon medverkar til auka tap i distribusjonsnettet. Den delen av auka tap som kjem på grunn av lokal produksjon, vert dekkja inn av produsentane via innmatingstariffen.

Det er totalt ni småkraftverk med ei samla yting på omlag 22 MW som er tilknytt distribusjonsnettet til Lysna AS. I tillegg til småkraftverk er det også nokre mindre produsentar i form av mikrokraftverk og etter kvart ein del solcellleanlegg.

For 2024 hadde Lysna AS ein KILE-kostnad på 0,3 mill. kroner. Av dette var 0,1 mill. kroner for planlagde utkoplingar og 0,2 mill. kroner for ikkje planlagde utkoplingar (KILE; kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi).

Gjennom året hadde Lysna AS ingen større hendingar knytt til driftsavbrot. Dei avbrota som oppstod, var hovudsakleg grunna to transformatorhavari, fire feil på komponentar og eit fasebrot.

Lysna AS utfører tilsyn med elektriske anlegg i forsyningsområdet på vegne av Direktoratet for Samfunnstryggleik og Beredskap (DSB) gjennom Det Lokale Eltilsyn (DLE). Desse tilsyna blir utført etter instruks frå DSB, og kvart år blir det gjennomført om lag 200 kontrollar. Tilsynet omfattar stikkprøvekontroll av elektriske anlegg i alle typar bygg, samt kontroll av internkontrollsystem knytt til elektriske anlegg for bedrifter og landbruk.

For å auka kunnskapen rundt branntryggleik deltok Lysna AS saman med Bjørnafjorden Brann og Redning på ein stand i lokalmiljøet i samband med røykvarslardagen. Her vart det delt ut viktig informasjon og råd for å styrka eltryggleiken i heimane.



Lysna AS har utdanna ein ny fagarbeidar innan energimontørfaget i 2024. Dette er eit viktig fagbrev for framtida, og den nyutdanna fagarbeidaren fekk tilbod om vidare jobb i selskapet. I tillegg tok me inn ein ny montørlærling frå hausten, noko som sikrar vidare rekruttering innan fagområdet.

I 2024 gjennomførte Lysna AS fleire viktige oppgraderingar for å sikre eit stabilt og framtidsretta straumnett. Nettstasjonen på Bolstad vart modernisert ved å flytte transformatoren frå mast til ein ny nettstasjon på bakken. Vidare vart det lagt om lag 1800 meter høgspenkabel og etablert to nye nettstasjonar i samband med tilkopling av det nye industriområdet på Samnøy. Desse utbyggingane styrkjer infrastrukturen og sikrar kapasitet til vekst i næringslivet.

Strøyma

Strøyma AS eig, driftar og vedlikeheld fibernettet i området, og sørgjer for stabil og framtidsretta breibandsløyser til kundane. I tillegg har Strøyma omsetningskonsesjon for sal av straum, noko som gjer dei i stand til å tilby konkurransedyktige straumavtalar til både private og næringskundar.

Kvar haust dei siste åra har Strøyma gjennomført kundeundersøkingar knytt til straumleveranse. I 2024 fekk undersøkinga god oppslutnad med tilbakemeldingar som me tek med oss i vårt vidare utviklingsarbeid. Heile 61 % av kundane oppgav at dei har valt Strøyma som straumleverandør på grunn av vårt lokale nærvær og engasjement. Når det gjaldt spørsmålet om generell tilfredsheit, fekk vi ein gjennomsnittleg vurdering på 4,08 av 5. Eit vanleg tema som kom fram i tilbakemeldingane, var prisforskjellen mellom Os (NO5) og Fusa (NO2). Denne forskjellen skuldast dei ulike prisområda, noko som er utanfor vår påverknad.

Straumsal

I 2024 selde Strøyma AS totalt 77,7 GWh straum til sluttbrukarar. Av desse anlegga var 73 % lokalisert i prisområdet NO2 og 25 % i NO5, medan resterande kundar var spreidde utover andre prisområder. Gjennomsnittleg spotpris for straum i Noreg i 2024 var 42,8 øre/kWh, noko som er på nivå med 2018 og viser ei vidare prisnedgang etter rekordåret 2022. Trass i denne utviklinga hadde NO2, der majoriteten av Strøyma sine kundar held til, dei høgaste prisane i landet gjennom året. Snittprisen i NO2 enda på 58,2 øre/kWh ekskl. mva, medan NO5 låg på 47,5 øre/kWh ekskl. mva. Prisfallet frå tidlegare år kjem hovudsakleg frå høg magasinffylling og sterk vindkraftproduksjon i Noreg, samt lågare kraftprisar på kontinentet som følgje av stor vekst i uregulerbar fornybar energiproduksjon.

Strøyma-appen er eit nyttig verktøy for kundane, som gjev god oversikt over både straumforbruk og spotprisar. Appen blir jamleg oppdatert med ny funksjonalitet for å gjere brukaropplevinga betre. I 2024 fekk plusskundar moglegheit til å sjå sin overskotsproduksjon direkte i appen, medan oppdaterte grafar gjorde forbruksoversikta meir intuitiv. I tillegg vart det innført ein estimert månadskostnad, som gjev kundane betre kontroll over straumutgiftene sine.

Strøyma tilbyr forvaltningsavtalar for næringskundar, med mål om å sikre ein lågare straumpris enn spotprisen. Desse avtalane blir forvalta av Kinect Energy, som aktivt kjøper og sel sikringar i intradagmarknaden for å dra nytte av svingningane i marknaden. I 2024 leverte forvaltningsavtalane lågare resultat enn spotmarknaden, men dette er langsiktig avtalar som har vist seg å vere positiv for kundar over tid.

Breiband

I 2024 har det vore arbeid med oppgradering av elektronikk i fibernettet, oppkopling av nye kundar og vedlikehald av fibernettet. Strøyma opplever svak vekst i talet på nye breibandskundar, både i privat- og næringsmarknaden. Den avgrensa veksten skuldast i hovudsak at marknaden i leveranseområdet er nær metta, då ein stor del av husstandane allereie er tilknytt fibernettet. Ved årsskiftet hadde Strøyma totalt 1921 Altiboxkundar og 142 bedriftsleveransar.

Eit sentralt prosjekt i 2024 var utbygginga av fibernett i Lønningdal og Midtsæter. Strøyma var med som utbyggjar, medan Bergen Fiber hadde det overordna ansvaret for prosjektet. Utbygginga vart fullført hausten 2024.

Våre breibandskundar er tilkopla eit av Noregs raskaste fibernett, og kan få opp til 1000/1000 mbps hastigheit. Det blir jobba med å bygga inn ekstra pålitelegheit og tryggleik i infrastrukturen, og ved å implementera redundans i fibernettet. Dette gjev høg oppetid og låg feilfrekvens både for bedrifts- og privatkundar. I 2024 hadde fibernettet tre større brot i leveransen. 2 av feila var forårsaka av fysisk ytre skade på infrastruktur.

Omsetning for breibandstenester var 20,5 mill. kroner. Det vart investert 1,2 mill. kroner i fibernettet i 2024. I hovudsak gjeld investeringane utstyr og arbeid i samband med auka kundevekst samt nødvendig reinvestering i oppgradering av utstyr og fiberlinjer.

Framtidig utvikling

Fusa Kraftlag SA, Lysna AS og Strøyma AS ønskjer å vera eit konsern som leverer gode produkt og tenester til kundane. Å styrka vår posisjon som påliteleg og framtidsretta aktør i lokalsamfunnet er viktig. Samstundes som me held fram med den gode og lokale kundehandsaminga. Gjennom lansering av nye produkter og tenester, vil me også bidra til å skapa flere arbeidsplassar i lokalsamfunnet.

For å sikra god utvikling og at framtidige oppgåver vert løyst på ein god og framtidsretta måte, treng konsernet gode samarbeidspartnarar og alliansar.

For Lysna AS er samarbeidet i allianseselskapet Nettalliansen AS av stor betydning. Gjennom dette samarbeidet får me tilgang til felles innkjøp av materiell, IT-plattform og programvare, noko som gjev



oss løysingar me ikkje hadde hatt kapasitet til å innføra på eigenhand. I forbindelse med implementeringa av nye system har det blitt gjennomført nødvendige justeringar, som har styrka datagrunnlaget vårt, og dermed bidrar til ei meir effektiv og trygg drift av nettet.

Medlemskap i interesseorganisasjonane Fornybar Norge og Distriktsenergi er viktige med tanke på å kunne påverke korleis bransjen skal utvikla seg, finne gode løysingar for å oppfylle rammevilkår og ikkje minst for å kunne påverke RME/regulator og myndigheiter på ein måte som me ser er bra for kundar og næring.

Strøyma AS samarbeider med Bergen Fiber og Altibox for fibertenester. Det blir også jobba med samarbeidspartnarar innan sensorteknologi for å utvikla selskapet vidare og kunne tilby fleire gode tenester til kundane. Med medlemskap i Fiberforeningen sikrar me også at selskapet og bransjen følgjer med på utviklinga og samarbeider om å påverka utvikling på ein god måte.

For straummarknaden er det tett samarbeid med World Kinect Energy Services frå Bergen for å levera gode og konkurransedyktige straumprodukt til både privat og bedriftskundar. Me er også sertifisert gjennom «Trygg strømhandel», som er ei bransjerelatert sertifiseringsordning som vert administrert av DNV (Det Norske Veritas).

Rekneskap

Styret meiner det framlagde rekneskap for Fusa Kraftlag SA med konsernrekneskap er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.2024.

Rekneskapan viser ei omsetning på 10,4 mill. kroner for morselskapet og 131,3 mill. kroner for konsernet.

Morselskapet har eit positivt resultat på 19,9 mill. kroner. Konsernet har eit positivt resultat på 15,3 mill. kroner.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2024 er 67 % i morselskapet og 60,7 % i konsernet.


Varige driftsmidlar er pr 31.12.2024 bokført med 19,5 mill. kroner for morselskapet og 225,1 mill. kroner for konsernet.



Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. For 2024 har konsernet eit negativt driftsresultat, dette skuldast i stor grad omlegging av IT-system for å møte framtidens krav og vidare effektivisering av drift. Styret stadfestar at føresetnaden for vidare drift er oppfylt.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat i morselskap:

- Medlemsutbyte: 3 mill.kroner
- Overføring til egenkapital: 16,9 mill.kroner



- Barne-/Ungdomslag
- Bygdeutval
- Grendahus/bedehus
- Idrett
- Musikklag og kor
- Diverse lag og org.



Eikelandsosen, 29. april 2025

Ranveig Næss

Styreleiar

Stig Tveit

Nestleiar

Kathrine Kvamme Tveitnes

Styremedlem

Erling Syvertsen

Styremedlem

Anette G. Berge

Styremedlem

Tove Hjartnes Fosså

Dagleg leiar



Deloitte.

Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013, Postterminalen
NO-5008 Bergen
Norway

+47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlingen i Fusa Kraftlag SA

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Fusa Kraftlag SA som består av:

- selskapsregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap, kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- konsernregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap, kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav,
- gir selskapsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og
- gir konsernregnskapet et rettviseende bilde av konsernets finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske
Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282



Deloitte.

Uavhengig revisors beretning
Fusa Kraftlag SA

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets og konsernets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av internkontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets og konsernets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapets og konsernets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet og konsernet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.



Deloitte.

Uavhengig revisors beretning
Fusa Kraftlag SA

- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til enhetene eller forretningsområdene i konsernet for å kunne gi uttrykk for en mening om konsernregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi har eneansvar for vår konklusjon om konsernregnskapet.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Bergen, 30. april 2025
Deloitte AS

Bjørn Lyse Opdal
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



Uavhengig revisors beretning - Fusa Kraftlag SA

Name

OPDAL, BJØRN LYSE

Date

2025-04-30

Identification

 bankID™ OPDAL, BJØRN LYSE



